
Saksnr: 2020/62106-1
Saksbehandlar: Eli Marita Vik Næss

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		

Vinterstenging av fv. 613 Gaularfjellet

Forslag til vedtak:

1. Gaularfjellet vert vinterstengt 1. desember. Dersom det ikkje er kome snø til denne tida, vil vegen vere open fram til første snøfall som krev brøyting.
2. Gaularfjellet vert opna etter vinterstenging 1. juni
3. Endringa gjeld for ny driftskontrakt for Sunnfjord Sør som start 1.9. 2021.

Samandrag

Då hovudutval for samferdsel og mobilitet handsama utlysing av ny driftskontrakt for Sunnfjord Sør med oppstart 1.9.2021, vart fylkesdirektøren bedt om å kome tilbake med eiga sak dersom det blir aktuelt å endre opningstidspunktet for fv. 613 Gaularfjellet etter vinterstenging.

På grunn av tryggleiken til dei som ferdast på vegen vert det tilrådd at opning av vegen vert utsett frå 2. mai i dagens kontrakt til 1. juni når vi startar opp ny driftskontrakt. Det er og ønskje om fast vinterstenging frå 1. desember for å gjere prisinga av tenesta enklare for entreprenøren.

Dina Johanne Lefdal
fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Eivind Yttri
seksjonsleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med hovudutval for samferdsel og mobilitet si handsaming av sak PS 22/2020 Utlysing av driftskontrakt 4807 Sunnfjord Sør 28.4.2020, vart det her gjort vedtak om i pkt. 3 at fylkesdirektøren må kome tilbake med eiga sak dersom det blir aktuelt å endre opningstidspunktet for Gaularfjellet etter vinterstenging.

Fv. 613 Gaularfjellet er ein fjellovergang mellom Balestrand i Sogndal kommune og Viksdalen i Sunnfjord kommune. Fjellovergangen er vinterstengd og har vore det i mange år.

I inneverande driftskontrakt er kravet at fjellovergangen skal vere opna til 2. mai.

Erfaringane syner at når vi opnar vegen 2. mai, så er det normalt sett ikkje trygd for nye skred før godt ut i mai. Det er ressurskrevjande å frese opp vegen for opning 2. mai, for deretter å måtte stenge i korte og lengre periodar i løpet av mai.

Vi ønskjer difor å endre opning av Gaularfjellet til 1. juni.

I dag har vi den praksisen at vi stenger vegen om hausten når vi ikkje klarar å halde vegen open ved bruk av enkel brøytebil. Det er normalt i november eller i desember. Vi ønskjer å ha fast stengingsdato 1. desember. Dersom det ikkje er kome snø til denne tida, vil vi halde vegen open fram til første snøfall som krev brøyting.

Vurderingar og verknader

I år vart vegen over Gaularfjellet fresa opp til 2. mai i samsvar med kravet i driftskontrakten. Vegen har sidan opning vore stengt i 221 timar på grunn av skred/skredfare. Geolog har vurdert fjellet fysisk seks gonger, og entreprenør har hatt daglege kontrollar. Vi meiner dette ikkje gjev god nok tryggleik for dei som ferdast på vegen.

Grunnen til at vi ønskjer å ha ein fast stengingsdato på hausten er at det vert enklare for entreprenør å prise tenesta korrekt då risiko knytt til stengingsdato vert redusert.

Økonomi: Ved å utsetje opning av heile Gaularfjellet til 1. juni og ha ein fast stengingsdato 1. desember, kan vi spare ca. 500.000 kr pr. år. Desse kostnadene er knytt til at det vil vere mindre snø i fjellet når det er krav om at vegen skal opnast til 1. juni. Det vert og mindre kostnader til opning av skred, ekstraarbeid med brøyting, stenging, vurdering av geolog, beredskap og daglege kontrollar av entreprenør.


Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Tryggleik: Vi vurderer tryggleiken til dei som ferdast på vegen til ikkje å vere god nok med opning 2. mai. Dette fordi risiko for vårskred ikkje er over då. Det er ikkje mobildekning i dei mest skredutsette partia på fjellet, noko som medfører at dei som eventuelt blir treft eller innestengt av skred ikkje har moglegheit for å varsle om hendinga. Når i tillegg trafikken er liten kan dei skadelidne risikere å vere innestengt i lang tid. I eit normalår kan det vere ganske trygt for skred når vi kjem til 16. mai, men i år varte skredperioden ut mai.

Trafikktal: Gaularfjellet hadde ein årsdøgntrafikk på 149 køyretøy i 2019. Trafikken fordelte seg slik på dei ulike månadane:



Tilbakemelding frå kommunane og andre

Vi sendte brev til Sogndal og Sunnfjord kommunar 28.8 der vi orienterte om at vi vurderte å stenge fjellet frå 1. desember ev. fram til første snøfall som krev brøyting og med opning etter vinterstenging 1. juni, frå 1.9.2021. Kommunane fekk frist til 20.9 med å gje uttale.

Vi har motteke følgjande uttalar:

- SUNNFJORD UTVIKLING AS
- Fjordane grendalag v/Inge Menes, leiar
- FJORD NORGE AS
- Sunnfjord kommune
- Statens vegvesen, v/Nasjonale turistvegar
- Sogndal kommune
- Birgit Gjerland

Alle uttalane ligg ved saka. Konklusjonane til kvar enkelt vert attgjeve her:

SUNNFJORD UTVIKLING AS (brev av 20.09.2020)

«Det vil ha negative konsekvensar, særleg for reiselivsnæringa, å redusere tilkomsten til NT Gaularfjellet ved å utsette opninga av strekninga frå 2. mai til 1. juni. Vestland fylke må som eit minimum behalde opningstidspunktet som er i dag og heller arbeide for auka tilgjengelegheit for reiselivsprodukt i Vestland Fylke og tidligare opning av Nasjonal Turistveg Gaularfjellet.»

Fjordane grendalag v/Inge Menes, leiar (brev av 19.09.2020)

I siste setninga står det som følgjer: «Vi er sterkt i mot dei føreslegne endringane og håpar fylkespolitikarane ser heilskapen for området inkluder turistnæringa og den betydninga fylkesveg 613 har for oss.»

FJORD NORGE AS (brev av 18.09.2020)

«Å redusere tilgjengeligheten gjennom en utsetting av åpningen av Gaularfjellet fra 2. mai til 1. juni vil ha betydelige negative konsekvenser for attraktiviteten av Nasjonal Turistveg Gaularfjellet som reisemål. Fjord Norge oppfordrer Vestland Fylke til å beholde åpningstiden som i dag og heller arbeide for økt tilgjengelighet for reiselivsprodukter i Vestland Fylke og tidligere åpning av Nasjonal Turistveg Gaularfjellet.»

Sunnfjord kommune (brev av 18.09.2020)

Sunnfjord kommune rår frå at framlegg om sein opning til 1. juni av Gaularfjellet vert gjennomført, og skriv m.a. vidare at merknaden er politisk handsama i formannskapet 17. september og utval for samfunn, kultur og næring 16. september.

Statens vegvesen, v/Nasjonale turistvegar (brev av 18.09.2020)

I siste avsnitt står det som følgjer: «Dei kommande tre åra har vi planar om å styrka Nasjonal turistveg Gaularfjellet med nye turistvegprosjekt ved Hestad kapell og Eikelandfossen. Dei langsiktige planane inneheld også rasteplassar langs fjorden på Sognesida, ved Vallestadfossen og på Rørvikfjellet samt styrking av servicetilbodet ved Likholefossen. Målet med dette statlege engasjementet i infrastruktur for turistane er å bidra til auka verdiskaping hjå reiselivet. Vi håper at dette er ein ambisjon som fylkeskommunen med sitt veveigaransvar og ansvar for regional utvikling legg til grunn i sine prioriteringar i åra framover.

Sogndal kommune (brev av 15.09.2020)

I siste avsnitt står det som følgjer: «Sogndal kommune ber om at framlegg om sein opning av Gaularfjellet vert lagt bort. Slik vi kjenner Vestlandsklimaet er det store variasjonar i snømengda frå år til år. Det er urimeleg å nytte ekstremvinteren 2020 som mal. Vi krev at Vestland fylkeskommune legg vekk planen om opning av fjellet 1. juni, og heller rettar fokus på betra mobildekning for å sikre beredskapen langs vegen. Vi minner om at det heller ikkje er mange år tilbake i tid at vegen var heilårsopen.»

Birgit Gjerland (e-post av 11.09.2020)

I siste setninga står det: «Som grunneiger på Gaularfjellet vil jeg minne politikere om å ta en tur over Gaularfjellet en tidlig vårdag. Mai er den måneden som er finest på Vestland.»

Vedtakskompetanse

Denne saka skal avgjerast av Hovudutval for samferdsel og mobilitet, i samsvar med administrativt delegeringsreglement gjeldande frå 14.1.2020.

Konklusjon

Ved å flytte opning av Gaularfjellet til 1. juni og ha ein fast stengingsdato 1. desember så får vi ein tryggare veg, og sparar ca. 500.000 knytt til brøyting, opning av skred og beredskap.

På bakgrunn av dette vil vi tilrå at dato for opning av vegen over fjellet vert utsett til 1. juni, og at det vert fast tidspunkt for vinterstenging 1. desember.